

BERGEN KOMMUNE  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Dato: 16.01.2018  
Vår ref.: 2014/24011-49  
Saksbehandlar: arvhaug  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til liten endring av PlanID 64040000: Bergenshus /Årstad bydel, bybanen fra sentrum til Fyllingsdalen - delstrekning 1: Nonneseter - Krohnstad - Endringen integreres i PlanID 15540200**

Vi viser til brev datert 11.12.17 om oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan planID 64040000: Bergenshus/Årstad bydel, bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen, delstrekning 1: Nonneseter – Kronstad, Bergen kommune

Hovudføremålet med reguleringa er optimalisering av kryssløysing for Nygårdstangen i samband med bygging av bybane til Fyllingsdalen. Endringa integrerast i planID 15540200: Nygårdstangen.

Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til ulike vegføremål og *bebyggelse og anlegg*.

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### **Vurdering og innspel**

Hordaland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

#### Samferdsel

Samferdselsavdelinga/Skyss registrerer at utkøyringa mot havnesporet til Dokken er regulert bort i begge forslaga. Det betyr at bussene som i skal mot sør ikkje kan køyre direkte ut i Fjøsangerveien slik dei kan i dag. Busser som skal frå terminal sør mot terminal nord i Lungegårdskaien vil ikkje kunne kjøre som i dag pga. etablering av midtdeler. Utkjøringa frå terminal sør til Lungegårdskaien er sør for søndre søyle under Bygarasjen.

Dette inneberer at dagens bussbevegelser frå terminal sør til nord må køyre via Lungegårdskaien, og ta ein høgresving i krysset. Dette vil gi enda høgare belastning inn mot Fjøsangerveien i rushtida. Moglegheita for å køyre buss mellom disse punkta er viktig da en stor del av bussene som kjører frå terminal nord har reguleringsplasser på terminal sør. Dette avgrensar også moglegheita for å køyre frå terminal sør mot sentrum, noko som trulig vil bli viktigare dersom busser mot vest vekselvis skal kjøre via Sydnestunnelen og Nygårdstunnelen.

For å sikre trygg og effektiv trafikkavvikling forventar Samferdselsavdelinga/Skyss at følgjande endringar vert gjort i reguleringsplanen:

1. Utkøyringa via «havnesporet» må oppretthaldast.
2. Midtdeler i Lungegårdskaien må avkortas, slik at busser kan svinge til venstre ved utkjøring frå terminal sør.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) .

**Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samferdsel. Hordaland fylkeskommune har ikkje ytterlegare merknader til planen på det noverande stadium i planprosessen.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Arvid Hauge  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Arvid Hauge, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen, samferdselsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland